



Reigstad Bygg og Eigedom AS
Gjervik ytre
5914 ISDALSTØ

Referanser:

Dykkar:

Vår: 14/3464 - 15/30263

Saksbehandlar:

Kristin Nielsen

kristin.nielsen@lindas.kommune.no

Dato:

18.09.2015

Melding om vedtak - gbnr 134/342 og 134/343 Hilland

Saka vart handsama av Plan- og miljøutvalet i møte den 02.09.2015, der følgjande vedtak vart fatta:

PM - vedtak:

- *Med heimel i plan og bygningslova §19-2 vert det gjeve dispensasjon frå reguleringsplanen for Hilland Aust for oppføring av firemannsbustad som omsøkt på gbnr 134/342 og 134/343.*
- *Det må vera oppstillingsplass til 2 bilar for kvar bueining.*
- *Dei 2 eigedomane må vera slått saman etter matrikkellova før det eventuelt kan gjevast bruksløyve.*

Grunngjeving:

Etter synfaring ser ein at føremonene er større enn ulempene. Det vil vera til mindre sjenanse for naboer, og meir felles uteareal. Tiltaket vil gje god heilskap og bidra positivt for området i forhold til opphøveleg plan. Det er teke omsyn til belastning og utsikt/innsyn til naboer, og vil gje dalen ei meir open løysing. Storleik og løysing i høve uteareal er gjennomtenkt og tilfredsstillande, pakering med 6 bilar er i samsvar med reguleringsplanen. Terrenngrepa vil vere akseptable. Planen er frå 1985, tomtene har vore lite attraktive, utbygginga vil gje ei hensiktsmessig utvikling. Det ligg føre presidens frå tidlegare saker, der det er gjeve løyve til mellom anna to 4 mannsbustader på einbustadtomter, samt ei rekkje tilsvarende avvik frå planen.

Saksutgreiing med vedtak er vedlagt.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast. Før det kan reisast søksmål

Post

postmottak@lindas.kommune.no
Dokumentsenteret
Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø

Kontakt

www.lindas.kommune.no
Telefon +47 56 37 50 00
Telefaks +47 56 37 50 01

Konto 3201.05.89311
Org.nr. 935 084 733



om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Med helsing

Tor Hegle
avdelingsleiar

Kristin Nielsen
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Klage på vedtak - avslag på søknad om dispensasjon og rammeløyve for firemannsbustad - gbnr 134/342 og 134/343 Hilland

Kopi til:

Rita Mellingen

Mottakarar:

Reigstad Bygg og Eigedom AS

Gjervik ytre

5914

ISDALSTØ